

# **Europaparlamentet: Diskusjon med president Emmanuel Macron om EUs framtid**

17. april 2018

- *Emmanuel Macron forsvarte europeiske liberale verdiar og gjekk inn for styrka integrasjon i Europaparlamentet i dag*
- *Europeisk suverenitet kan berre sikrast gjennom styrka samarbeid knytt til mellom anna migrasjon, klima, personvern og euroen*
- *Dei største gruppene ga stor grad av støtte til Macron, men han fekk også kritiske kommentarar til alt frå franske terrorlover til manglende støtte til europeisk lovgjeving for betre balanse mellom arbeids- og familieliv*
- *Macron forsvarte bombinga i Syria i helga som legitim, men fekk kritikk frå både ytre venstre og ytre høgre for aksjonen*

Tilhøyrargalleriet i Europaparlamentet var heilt fullt da den franske presidenten Emmanuel Macron 20 minutt forsinka starta si innleiing til diskusjon om EUs framtid i Strasbourg i formiddag. I den til saman tre og ein halv time lange diskusjonen forsvarte Macron styrka europeisk integrasjon og argumenterte for kvifor dette er nødvendig for å sikre europeisk suverenitet på mange områda. «Eg gjekk til val på eit program som tydeleg tok til orde for europeisk integrasjon og fekk klar støtte frå veljarane i Frankrike til dette» sa Macron. Han la også stor vekt på europeiske verdiar og var forundra over den fasinasjonen mange viser for illiberale demokrati. Det er ikkje slike illiberale demokrati som svarar på dei utfordringane vi står overfor. Vi må støtte demokratiet og ha dialog med innbyggjarane sa han.

Macron tok til orde for europeiske løysingar som eit verkemiddel å sikre europeisk suverenitet. Han la mellom anna stor vekt på behovet for reform av det europeiske asylsystemet, og mekanismar relokalisering av migrantar og også det han omtalt som indre solidaritet, dvs. byrdefordeling knytt til integrering og busetting. Det er også viktig med europeiske løysingar knytt til personvern, opphavsrett og tiltak for å sikre bankunionen og ein stabil euro. Han viste til felles europeisk front mot Russland og styrka europeisk forsvarssamarbeid og tok til orde for det han omtalte som ein realistisk handelspolitikk. På klima- og energiområdet tok han mellom anna til orde for å innføre ein minstekonsum for utslippskvoter og ei importavgift for CO<sub>2</sub>. Vi kan forsvere eit høgare EU-budsjett dersom vi kan demonstrere at dette gjev ein meirverdi for europeiske innbyggjarar sa han.

Etter Macrons innleiing ga kommisjonspresident Juncker ein kort kommentar. Han sa seg samd med Macron og var glad for at Macron har støtta ein del viktige initiativ frå Kommisjonen inkludert arbeidet med eit meir sosialt Europa og Kommisjonens investeringsplan. Medan Macron ikkje kommenterte sjansane for EU-utviding mot Vest-Balkan, framheva Juncker at det er viktig å gje landa på Vest-Balkan eit realistisk europeisk perspektiv med EU-medlemskap som eit reelt mål. Alternativet er krig i regionen sa Juncker.

Talspersonane frå dei politiske gruppene fekk deretter ordet for kommentarar. Innleiinga til Macron vart jamt over godt motteke og fleire sa seg glad for at det var ein EU-venleg president i Frankrike. Både sentrum-høgre (EPP) og sentrum-venstre (S&D) støtta tiltak for å styrke demokratiet og dialogen med innbyggjarane. Fleire nutta høve til å ta opp bombinga i Syria som Frankrike, Storbritannia og USA gjennomførte i helga. Dei største gruppene gav full støtte til aksjonane, sjølv om den liberale gruppa (ALDE) også understreka at bomber ikkje løyser konflikten. Ytre venstre gruppa (GUE/NGL) var mest kritisk til bombinga, men

også den grøne gruppa og ytre høgre gruppene (EFDD og ENF) var kritiske. Fleire sa resultatet av ei uavhengig gransking burde kome først og at fred berre kan sikrast med ei diplomatisk løysing.

Macron fekk kritikk også knytt til andre politikkområde. S&D sa seg m.a. lei for at Frankrike ikkje støttar framlegget til eit direktiv om balanse mellom arbeids- og familieliv. Den konservative gruppa (ECR) sa gruppa ikkje deler hans visjon om sterkeare integrasjon. Gruppa ynskjer seg samarbeid knytt til felles interesser, men ikkje eit høgare budsjett eller at fleire avgjerder blir flytta til Brussel. Den grøne gruppa var kritisk til dei franske terrorlovene som den meiner i for stor grad avgrensar personleg fridom.

Macron fekk ordet etter innlegga frå gruppene. Han forsvarte terrorlovene og sa desse er heilt naudsynte i kampen mot terror. Han ga støtte til utviding mot Balkan, men sa samstundes utviding berre er aktuelt etter at dei nåverande medlemslanda har styrka samarbeidet. Alt nå er det slik at visse land ynskjer tettare samarbeid enn andre. Framover må det også vere mogleg for dei landa som ynskjer det å gå vidare med styrka samarbeid, men det må sjølv sagt vere mogleg for andre land å slutte seg til seinare om dei ynskjer det. Det er positivt at Frankrike og Tyskland har eit godt samarbeid og er samde, men også andre land må vere med for at samarbeid i EU skal kunne gå framover.

Macron tok til orde for transnasjonale lister i valet til Europaparlamentet. Dette vil styrke det europeiske demokratiet meinte han, og fekk motbør mot dette i ordvekslinga seinare i debatten. Macrons parti har ikkje sluttat seg til nokon av gruppene i Europaparlamentet. Både S&D og ALDE fridde til han i dag, men Macron ga ingen signal om kva gruppe det kunne vere aktuelt å slutte seg til etter valet i 2019.

Det var i forsvarer av bombinga i Syria Macron viste størst engasjement. I eit kjenslesterkt innlegg sa han at dersom vi trur på internasjonal rett så verdssamfunnet før eller seinare gripe inn mot dei som ikkje respekterer grunnleggjande prinsipp. Vi må forsvare verdiene våre og bruk av kjemiske våpen mot eige folk gjer det legitimt å gå til åtak. Bombinga løyer ikkje konflikten, men var eit heilt nødvendig og klart signal til Assad. Frankrike vil vidareføre det diplomatiske samarbeidet uavhengig av bombinga sa han.

Ei rekke medlemmer av Europaparlamentet fekk ordet for korte innlegg i den siste delen av debatten. Macron fekk deretter igjen ordet og kommenterte mange av innlegga. Han sa mellom anna at Frankrike ynskjer eit så tett tilhøve som mogleg mellom EU og Storbritannia etter brexit. Modellen som gjev tettast samarbeid er medlemskap. Sidan Storbritannia ikkje lenger ynskjer dette, må vi finne andre løysingar sa han. Det er positivt med eit godt samarbeid mellom anna knytt til grensekontroll og sikkerheit, men det er ikkje aktuelt å la Storbritannia velje berre dei delane av samarbeidet dei ynskjer. Til dømes er samarbeidet om knytt til den indre marknaden ein heilskap.

Han la vekt på ein regelbasert handelspolitikk med utgangspunkt i WTO-avtalen. Samstundes understreka han at handelspolitikken må vere konsistent med andre politikkområde. Frihandelsavtalen mellom EU og Canada har vist at vi kan sikre både frihandel og samstundes sikre omsyn som miljø, helse og arbeidsvilkår.

Sjå også Europaparlamentets [omtale av diskusjonen her](#).

## *Kommentar*

Det var ingen store nyheter i talen til Macron i dag, men han gjorde seg til ein sterk forsvararar av europeiske verdiar og av styrka europeisk samarbeid. Dette er ein bodskap som vart godt motteke av fleirtalet Europaparlamentet. Heller ikkje dei vanlegvis EU-kritiske ytre høgre-partia stilte spørsmål ved hans utsegn om å ha eit klart mandat frå det franske folket knytt til dette. Spørsmålet er likevel kor stor oppslutning det vil vere om styrka integrasjon i andre EU-land. Det er stor avstand mellom ulike land i spørsmål knytt til dømes til styrka eurosamarbeid og system for relokalisering av flyktningar. Samstundes kan det seiast at argumentasjonen for europeiske løysingar delvis blir svekka av at det var Frankrike saman med Storbritannia og USA som bomba kjemiske anlegg i Syria i helga. Han framheva fleire gonger i dag at det europeiske samarbeidet er meir enn den fransk-tyske aksen, men sa likevel samarbeidet mellom desse to landa er viktig.

## Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjever  
Stortingets Brussel-kontor  
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11  
Mobil: +47 917 68 598

E-post: [psn@stortinget.no](mailto:psn@stortinget.no)

[www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)